

Informasjon til elever som skal velje vidaregåande opplæring hausten 2010.



Volda vidaregåande skule
Utdanningsprogram for ST/MD/MK/SA

Tilbodet innan Studiespesialisering med Toppidrett ved Volda vgs vert utvida til også å omfatte fotball

Volda vidaregåande skule, Volda TI Fotball og Ørsta IL Fotball har inngått eit samarbeid i samband med programområdet studiespesialisering (ST).

Samarbeidet er eit prøveprosjekt tilsvarande tilbodet innan Toppidrett med handball og er gjeldande frå hausten 2010 og omfattar i første omgang elevar på Vg1 og Vg2, men tek sikte på å utvide til også å gjelde Vg3 neste skuleår.

Kravet for å ta del i denne satsinga er at eleven er aktiv fotballspelar, men det er ikkje krav til noko spesielt nivå.

Timetal

Elevar på Vg1 studiespesialisering vil i tillegg til dei ordinære 30 undervisningstimane per veke, få undervisning i 5 timar toppidrett med fokus på fotball. Desse 5 timane kjem utanom kravet til ordinært timetal.

På Vg2 og Vg3 vil elevane kunne velje toppidrett, 5 timar per veke, innanfor det ordinære timetalet på 30 timar/veke, jfr krav til fagsamansetjinga i Kunnskapsløftet.

Innsøking

Elevar som ønskjer å ta del i dette opplegget søker seg inn til Vg1 Studiespesialisering på ordinær måte, med søknadsfrist 1.mars for ordinært opptak.

Etter at 1.inntaket er klart sommaren 2010, vil elevar som er tatt inn på Vg1 ST få tilsendt eit informasjonsskriv frå skulen, med beskjed om å laste ned eit skjema som skal fyllast ut. Skjemaet vil ligge på skulen si heimeside. Dette skjemaet inneheld bl.a. spørsmål om eleven ønskjer å ta del i prosjektet Studiespesialisering med fotball. Dersom eleven ønskjer det vil han/ho måtte svare på om eleven spelar aktiv fotball og kva idrettslag eleven er medlem i.

Vel møtt som elev ved Volda vidaregåande skule hausten 2010.

Har du spørsmål, kontakt skulen på telefon 700 59300 eller e-post volda.vgs@mrfylke.no